


# AAKRE

## Overflate- behandling

- Sandblåsing, metallisering, syring og lakk
- Topp moderne anlegg bygd etter dagens krav til kvalitet og miljø





# AAKRE

Vi har eit topp moderne anlegg som er bygd etter dagens krav til kvalitet og miljø. Anlegget vart teke i bruk våren 2008.

Anlegget er delt opp i 2 store lakkabiner som kvar er 14x5 meter. I tillegg har vi ein sandblåsehall på 14x5 meter, og ei avdeling for vasking/syring som er like stor.

Kvar av lakkabinene kan igjen delast i to, slik at vi kan totalt ha 4 mindre lakkabiner. I desse kabinene er det godt avsug med paint-stopfilter. God takhøgde og god belysning må til for å få eit topp resultat. Varmen kan justerast opp til 70 grader. Kundane kan også få ein lakklogg som viser korleis produktet har vorte overflatebehandla.

Sandblåsehallen er utstyrt med to sandblåseslangar. I golvet er det skraper som sørgar for at sanden vert ført tilbake til ein syklonrensar. Sanden vert der rensa og brukt på nytt. Det er stålsand som vert brukt til blåsinga.

I sandblåsehallen kan vi også sette opp metalliseringsutstyret vårt. Etter at produktet er sandblåst, kan vi legge på eit lag med sink for å få ekstra korrosjonsbeskyttelse før lakking.

I den siste hallen på 14x5 meter, er det opplegg for vasking og syring.

Det er lagt vekt på gjenvinning av både sand, varme og kjemikalier i dette anlegget.

**Kontakt:**  
**Aakre Mekaniske AS**

**Adresse: 6290 Haramsøy**

**Tlf.: 70 20 94 00**

**E-post:**  
**[firmapost@aaakremekaniske.no](mailto:firmapost@aaakremekaniske.no)**

